

## **SAK 08/19 SØKNAD OM TILSKOT TIL TRYKKING AV BOK «FRÅ SOSIAL BYGDEOPPOSISJON TIL SOSIALDEMOKRATISK ARBEIDARRØRSLE»**

### **Saksopplysning**

John Johnsen søker i brev dat. 9.9.2018 om tilskot på kr. 112.500 til trykking av boka «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle». Dette er fyrste bandet av historia til arbeidarrørsle i Hallingdal.

Tekst og bilete til fyrste bandet er 4-500 sider. Utgiftene til trykking av fyrste bandet er totalt kostnadsrekna til omlag kr. 112.500 inkl. mva.

Band II vil vera omtrent i same storleiken, men det står att noko arbeid før den er klar for trykking.

Dagleg leiar er ikkje kjent med om det er søkt om midlar frå andre aktørar.

### **Vurdering**

Regionrådet for Hallingdal tok i 2012 ansvaret for å gje ut ei samanfattande historie om Hallingdal, «Historia om Hallingdal», som kom i 2014.

Ei regionhistorie dreiar seg m.a. om å samanlikne, leite etter større mønstre og trekke lange linjer. Det var og eit mål at Historia om Hallingdal skulle ha ein raud tråd som verka samlande for dalen, ikkje berre geografisk. Val av sjanger og innhald vart bygd opp rundt tre hovudtema:

- Eit lengdesnitt frå far etter folk til i dag
- Det som har bygd opp om Hallingdal som region
- Grunnlovstanken, utbygging av folkestyre, demokrati, regionorganiseringa

Samtidig som regionen har hovudfokus, kjem kvar kommune til sin rett ved at ein henta eksempel og illustrasjonar frå dei ulike kommunane.

Dette vart på mange måtar regionhistoria, ei bok frå Hallingdal, til Hallingdal og om Hallingdal.

Det er utan tvil lagt ned eit stort arbeid med boka «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle». Og det er mykje lokalhistorisk stoff som ikkje er omtala i bokform tidlegare. Boka vil vera eit supplement til lokalhistoria i Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal får ofte spørsmål om tilskot til bokutgjevingar av ulike kategoriar og omfang. Utgangspunktet har vore at boksprosjekt ikkje blir støtta, dersom det ikkje er spesielle grunnar som talar for noko anna, her kan nemnast bokutgjevinga «Folkesong i Hallingdal».

Ut frå situasjonen der partnerskapsmidlane frå Buskerud fylkeskommune er borte, bør attståande midlar nyttast til det som er sagt skal vera prioriterte oppgåver. Frå og med 2020 vil ikkje Regionrådet ha andre midlar til disposisjon enn det som er løyvd frå kommunane til drift og gjennomføring av Strategisk plan for Hallingdal, dersom ein legg til grunn tidlegare praksis for budsjett.

Etter dagleg leiar sitt syn vil boka «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle» ikkje vera i kategorien «spesielle grunnar».

**Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå John Johnsen økonomisk støtte til boka  
«Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørse»

Ål 22.1.2019

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad dat. 9.9.2018

|   |  |
|---|--|
| <b>John Johnsen</b><br>Lektor, cand.philol.           | <b>Adresse: Juvevegen 5</b><br><b>Postboks 5</b><br><b>3571 ÅL</b> |
| <b>Tlf.: 32 08 11 85</b><br><b>Mobil: 95 87 23 93</b> | <b>E-post: jo-willy@online.no</b>                                  |

**Ål, 9. september 2018**

Regionrådet for Hallingdal  
Torpomoen 27

3579 TORPO

**SØKNAD OM ØKONOMISK HJELP TIL Å GJE UT «FRÅ SOSIAL BYGDEOPPOSISJON TIL SOSIALDEMOKRATISK ARBEIDARRØRSLE» - FØRSTE BANDET AV HISTORIA TIL ARBEIDARRØRSLA I HALLINGDAL.**

På oppmoding av gamle venner i arbeidarrørsla i Hallingdal har eg i nærare 15 år arbeidd med historia til arbeidarrørsla i Hallingdal. Effektivt kan arbeidet omgjerast til 5-6 årsverk.

Tekst og bilete til første bandet vil dreie seg om 4-500 sider. Til eit band II er tekst og bilete nærmast ferdig i same storleiken, men ein treng enno litt tid før det er klart for trykking.

Utgiftene til trykking av første bandet er kostnadsrekna til rundt kr. 90.000, med tillegg av moms rundt kr. 112.500. Det er denne summen eg ber om at Regionrådet vil dekke. Ei slik bok vil neppe bli «ein bestseljar». Bindet fortel mykje ny lokalhistorie frå alle kommunane i hovuddalføret. Eventuelle inntekter av boksålet vil truleg ikkje dekke stort meir enn lanseringskostnader og reiseutgifter under lanseringa. Eit overskot vil vere med å dekke utgifter til band II. Men, som fleire har fortald meg, det er viktig at ei bok med dette innhaldet vert gitt ut for å supplere lokalhistoria vår i Hallingdal. Boka har rundt 110 bilete som illustrerer teksten.

Eigenkapitalen vil vere dei årsverka eg har arbeidd utan løn og ein del reiseutgifter.

Med håp om ei velviljug  
handsaming

John Johnsen